Høyringssvar til regionreforma på Vestlandet, til:
Fylkestinget i Sogn og Fjordane
Fylkestinget i Hordaland
Fylkestinget i Rogaland

NOREGS MÅLLAG

Mållaga på Agder
www.nynorsk.no/ml/agder

Ålaug Rosseland (Vest-Agder Mållag)
Astrid Myhre (Aust-Agder Mållag)

NYNORSK MÅ KOME STYRKA UT AV REGIONREFORMA

Regjeringa har bede fylka i landet om å vurdere å slå seg saman i større regionar. Kva med administrasjonsspråket i storfylket? Kva er konsekvensane for nynorsken?

Det mest nærliggjande er at fylke med bokmålstradisjon ikkje tek omsyn til språkspørsmålet – men held fram med bokmål utan å tenkje seg om. Dette skaper vidare presedens for alle samfunnsområde – anten det dreier seg om helse, utdanning, kultur, samferdsle, polititenester o.l.

Er det viktig å halde på språket? Det er av det viktigaste som finst, for det har med vår eigen identitet og sjølvkjensle å gjere. Språket, både det skriftlege og det talte, er sjølve hjarterøtene. Kva er Vestlandet utan sin rotnorske identitet? Og kva er Noreg utan sin rotnorske identitet?

Å gå frå nynorskfylke til språknøytralt fylke vil vere eit overgrep mot nynorsken fordi det i praksis vil seie eit fylke med bokmål som administrasjonsspråk.

Særleg naboregionane, men og heile landet vil lide stort under eit språknøytralt fylke. Nynorsken kjem i så fall i ein kritisk situasjon og misse statusen sin – noko som vil påverke alle nynorskbrukarane i landet. Språkstoda må inn i utgreiingane til kvart einaste samanslåingsalternativ.

Det finst i Noreg i dag eit breitt samarbeid på tvers av fylkesgrensene i mange fylke innan utdanning, helse, kultur, samferdsle, polititenester mm. Det som er særskilt bra med denne ordninga, er at fylka sjølve har valt sine eigne samarbeidspartnarar – gjerne ulike partnarar på dei ulike fagområda – alt etter kultur, fagbehov og høve.

Vest- og Aust-Agder Mållag rår politikarar i fylka og "folk flest" til å tenkje særleg på kultur, språk og identitet når samanslåing av grannefylke kjem på den politiske agendaen. Nynorsk må sikrast for framtida.

Med helsing
Mållaga på Agder

Ålaug Rosseland
-leiar vestfylket-

Andrea Maini
-styret i austfylket-

Borghild Løver
-ferdaskrivar-